

# STRANDA KOMMUNE

## SAKSPAPIR

### SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
STRANDA HAMNEVESEN KF KOMMUNESTYRET	06.11.2018	038/18

<b>Saksansvarleg:</b> Styreleiar Olav Bratland		
<b>Saksbehandlar:</b> Rita Berstad Maraak	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 18/1282

### Lokal forskrift om anløpsavgift 2019 for Stranda kommune sitt sjøområde

#### Hamnesjef si tilråding til styret 06.11 2018:

1. Hamnesjef får fullmakt til å utarbeide utkast til lokal forskrift om anløpsavgift 2019 i Stranda Kommune sitt sjøområde.
2. På vegne av Stranda Kommune sender Stranda hamnevesen KF på høyring utkast til lokal forskrift i Stranda Kommune.
3. Ny forskrift om anløpsavgift 2019 trer i kraft så snart den er godkjent i kommunestyret i Stranda Kommune.

#### 06.11.2018 STRANDA HAMNEVESEN KF

#### Møtebehandling

#### Tilråding samrøystes til kommunestyret

#### STHA- 038/18 Vedtak:

1. Hamnesjef får fullmakt til å utarbeide utkast til lokal forskrift om anløpsavgift 2019 i Stranda Kommune sitt sjøområde.
2. På vegne av Stranda Kommune sender Stranda hamnevesen KF på høyring utkast til lokal forskrift i Stranda Kommune.
3. Ny forskrift om anløpsavgift 2019 trer i kraft så snart den er godkjent i kommunestyret i Stranda Kommune

## SAKSUTGREIING

### Bakgrunn for saka

Havne- og farvannsloven ("hamnelova") sin § 25 fyrste ledd gir uttrykk for at "Kommunen kan i forskrift bestemme at det for fartøy som anløper havn i kommunen, skal betales anløpsavgift til kommunen. Anløpsavgiften skal bare dekke kommunens kostnader ved utøvelse av offentlig myndighet med hjemmel i denne loven med forskrifter, samt kostnader til å legge til rette for sikkerhet og fremkommelighet i kommunens sjøområde, så langt slike kostnader ikke kan dekkes inn ved betaling for tjenester som ytes i havnen. I forskriften kan det også fastsettes rabattordninger.» I medhald av hamnelova § 25 andre ledd gjev forskrift av 20. desember 2010 om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift nærare reglar til gjennomføring av hamnelova sin § 25 fyrste ledd. Paragraf 2 i denne forskrifta stadfestar at kystkommunane kan gje forskrift om innkrevjing av anløpsavgift.

### Saksopplysningar

På vegne av Stranda Kommune, sender Stranda hamnevesen KF på høyring utkast til ny forskrift om anløpsavgift 2019 i Stranda Kommune sitt sjøområde.

Høyringsbrev med vedlegg vert utsendt og annonsert på web-sider til Stranda Kommune og Stranda Hamnevesen KF, med ein høyringsfrist på 6 veker frå dato for annonsering. I tillegg vert høyringsdokumenta sendt til eit utval av brukarar.

Høyringsfristen er i samsvar med forvaltningslova § 37 og Justis- og beredskapsdepartementet sin rettleiar for utarbeiding av kommunale forskrifter, med vidare tilvising til utredningsinstruksen for utarbeiding av statlege forskrifter.

Høyringsdokumenta, forutan høyringsbrevet, vert lagt fram i møte:

1. Framlegg til forskrift 2019
2. Grunngeving for kostnader som vert dekt gjennom anløpsavgift ( vedlagt saka )
3. Avgiftsgrunnlag anløpsavgift 2019
4. Kalkyle for berekning av avgiftssatsar 2019

Forskrifta trer i kraft så snart den er godkjend i kommunestyret og annonsert. Frå same tidspunkt vert forskrift av 1. januar 2018 i Stranda Kommune, oppheva.

Utgående balanse pr. 31.12 2018 syner ei underdekning av anløpsavgifta for 2018. Dette beløpet må belastast hamnekassa. Avgiftsgrunnlaget er jusert opp for 2019.

### Vurdering

Anløpsavgifta skal vere kostnadsorientert og ikkje gje økonomisk overskot. Nivået på avgifta skal bereknast ut i frå forventa utgifter for direkte og indirekte kostnader "ved utøvelse av offentlig myndighet med hjemmel i denne loven med forskrifter, samt kostnader til å legge til rette for sikkerhet og fremkommelighet i kommunens sjøområde", jf. hamnelova § 25 fyrste ledd.

Kystverket sine rettleiarar, "Veiledning om havne- og farvannsloven" (kapittel 16.4) og "Merknader til bestemmelsene i forskrift 20. desember 2010 om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift", gjev nærare og generell informasjon, om kva kostnader ein kan dekkje gjennom anløpsavgifta og korleis avgiftsnivået skal fastsetjast. Det er høve til å krevje anløpsavgift sjølv om hamna har overskot på øvrige forretningsområde.

Det vert laga ei omtale av dei konkrete kostnadane/utgiftspostane som kommunen føreslår å inkludere i avgiftsgrunnlaget.

Det vert laga ei grunngeving over forventa kostnader som kan dekkast ved anløpsavgift etter hamnelova sin § 25. Kor stor del av ulike utgiftsarter ein meiner kan dekkjast gjennom anløpsavgift, skal også gå fram av dokumentet.

I andel lønnskostander overført til sjølvkost, er ein relativ andel av kostnader ved bruk av deltidstilsette inkludert, og inngår i avgiftsgrunnlaget for 2019.

Det vert utarbeidd ei kalkyle, som er basert på avgiftsgrunnlaget og ei forventning om kor stor

bruttotonnasje som vil ha anløp i sjøområdet i 2019.

Framlegget i kalkylen vert basert på ei vidareføring av eit regressiv avgiftssystem likt det i 2014, 2015, 2016, 2017 og 2018. Dette inneber at det for skip med bruttotonnasje over 20 tusen BT, vert lågare avgiftssats enn for dei neste 90 tusen tonn, og enda lågare sats per bruttotonn for tonnasje over 90 tusen BT. Formålet er å hindre at store skip skal måtte betale uproporsjonalt mykje.

Den regressive satsen som det vert lagt opp til, er innanfor rammene til hamnelova og tråd med det mange andre hamner nyttar.

Vi presiserer for ordens skuld at kostnader som vert dekt ved anløpsavgift (jf. hfl. § 25), ikkje vert dekt inn gjennom vederlag. Det ligg ikkje føre noko form for «dobbelbetaling» mellom anløpsavgift og vederlaga som vert kravd inn. I tråd med det hamnelova legg opp til, skil Stranda hamnevesen KF mellom kostnader og inntekter til forvaltningsoppgåver (på eine sida) og kostnader og inntekter til «forretningsdrifta» ( på andre sida). Kostnader til forvaltningsoppgåvene vert dekt gjennom anløpsavgift, medan kostnadane til «forretningsdrifta» vert dekt gjennom vederlag.

Utkast til forskrift med grunngjeving, avgiftsgrunnlag og kalkyle vert lagt fram i møte.

#### **Vedlegg:**

<b>Dok.dato:</b>	<b>Vedlegg:</b>	<b>Dok.ID</b>
07.11.2018	Annonse høyring forskrift om anløpsavgift 2019	239015
07.11.2018	Adresser høyringsdokument 2019	239016
07.11.2018	Høyringsbrev forskrift om anløpsavgift 2019	239017
07.11.2018	Vedlegg 1 Forskrift om anløpsavgift 2019	239018
07.11.2018	Vedlegg 2 Grunngjevingar om anløpsavgift 2018	239019
07.11.2018	Vedlegg 3 Berekning av sjølvkost-anløpsavgift 2018-budsjett sjøl..	239020
07.11.2018	Vedlegg 4 Kalkyle av sjølvkost-anløpsavgift	239021

#### **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.**

Havne- og farvannsloven ("hamnelova") sin § 25 fyrste ledd

Havne- og farvannsloven sin § 4

Forskrift av 20. desember 2010 om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift

Kystverket sine rettleiarar, "Veiledning om havne- og farvannsloven" (kapittel 16.4) og "Merknader til bestemmelsene i forskrift 20. desember 2010 om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift"